

LOV

FOR

SOGNDAL IDRETTSLAG - FOTBALL

(SOGNDAL FOTBALL)

ORGANISERT AV SOGNDAL ALLIANSE-IDRETTSLAG

Lov for Sogndal Idrettslag - Fotball (Sogndal Fotball) skipa 18.02.99

Vedteken 18.02.99, sist endra 02.01.26

Sist godkjend av Idrettsstyret 22.02.99

§ 1 FORMÅL

1. Formålet til idrettslaget er å drive idrett organisert i Norges Idrettsforbund og Olympiske og Paralympiske Komité (NIF). Arbeidet skal vere prega av frivillig innsats, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på dei verdiar som er vedteke av Idrettstinget.

§ 2 ORGANISATORISK TILKNYTING

1. Idrettslaget er sjølveigande og frittståande med berre personlege medlemmer. Idrettslaget inngår i ein idrettslagsallianse med Sogndal Idrettslag. For reglar om idrettslagsalliansar gjeld NIFs lov § 10-7.
2. Idrettslaget er medlem av NFF gjennom Sogn og Fjordane Fotballkrets. For reglar om plikta idrettslaget har til å vere medlem av eit særforbund gjeld NIFs lov § 10-1.
3. Idrettslaget er medlem av NIF og dermed tilslutta Vestland idrettskrets og Sogndal Idrettsråd.
4. For reglar om representasjonsrett gjeld NIFs lov § 10-3.
5. For reglar om plikta idrettslaget har til å halde regelverket og vedtaka til overordna organisasjonsledd gjeld NIFs lov §§ 2-2 og 2-3.

§ 3 MEDLEMMER

1. For at ein person skal takast opp i idrettslaget må vedkommande:
 - a) akseptera og overhalda idrettslagets og overordna organisasjonsledds regelverk og vedtak.
 - b) ha gjort opp eventuelle økonomiske forpliktingar til idrettslaget og andre organisasjonsledd i NIF.
2. Alle medlemmar i Sogndal Idrettslag Fotball må også syta for at ein er medlem i Sogndal Idrettslag, jmf NIFs lov § 10-7 Idrettslagsallianse.
3. Medlemskap i idrettslaget er først gyldig frå den dag kontingenten til både Sogndal Idrettslag og Sogndal Idrettslag Fotball er betalt.
4. Styret i eit idrettslag kan i særskilte høve nekte ein person medlemskap.
5. Utmelding skal skje skriftleg og får verknad når den er motteken.
6. Idrettslaget kan ta frå eit medlemskap frå medlem som etter purring ikkje betalar fastsett medlemskontingent. Medlem som skuldar kontingent for to år tapar automatisk sitt medlemskap i laget og skal strykast frå lagets medlemsliste.
7. Styret i idrettslaget kan i særskilte høve ta frå ein person medlemskapet for ein periode på inntil 1 år.

§ 4 KJØNNSFORDELING

1. For reglar om kjønnsfordeling i styre, utval m.m. og ved representasjon til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd gjeld NIFs lov § 2-4.

§5 GENERELLE REGLAR OM STEMMERETT, KVALIFISERING TIL VAL, FORSLAGSRETT M.M.

1. For å ha røysterett på laget sine møte må eit medlem ha fylt 15 år i løpet av kalenderåret, ha vore medlem i minst 1 månad, og ikkje skulde laget kontingent.
2. Alle medlemmene som har røysterett og som ikkje er arbeidstakar i laget kan veljast til tillitsverv i laget, og som representant til ting eller møte i overordna idrettsorganisasjon.
3. Med arbeidstakar meinast den person so utfører løna arbeid for eit organisasjonsledd tilsvarande ein stillingsbrøk på meir enn 20 %, eller mottek meir enn 1 G i løn/andre ytingar frå eit organisasjonsledd i løpet av eit kalenderår.
4. Øvrige lover om stemmerett, kvalifisering til val og forslagsrett gjeld NIFs lov §§ 2-5, §§ 2-6 og §§ 2-7.

§ 6 INHABILITET

For laget sine tillitsvalde, personar oppnemnde til verv og tilsette, gjeld NIFs lov § 2-8.

§ 7 VEDTAKSFØR, FLEIRTALSKRAV OG PROTOKOLL

For reglar om vedtaksfør, fleirtalskrav og protokoll, gjeld NIFs lov § 2-9.

§ 8 STRAFFESAKER

For alle straffesaker gjeld NIF si lov § 11, Alminnelege disiplinærforføyingar, sanksjonar etter særforbundets regelverk og straffebestemmelsar.

§ 9 GODTGJERSLE TIL TILLITSVALDE

1. Tillitsvalt kan ta i mot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter, inkludert tapt arbeidsforteneste, som vert påført vedkomande i utføring av vervet. Tillitsvalt kan ta i mot eit rimeleg honorar for arbeidet sitt.
2. Utgifter til godtgjersle og refusjon for faktiske utgifter skal gå fram av laget sitt budsjett og rekneskap.

§ 10 REKNSKAP OG REVISJON M.M.

1. For reglar om rekneskap og revisjon m.m. gjeld NIFs lov §§ 1-7, 2-11, 2-13 og 2-14.

§ 11 ÅRSMØTE

1. Laget sitt høgste styringsorgan er årsmøtet, som skal haldast kvart år i februar/mars månad.
2. Styret kallar inn til årsmøte minst 1 månad på førehand, direkte til medlemmene eller ved kunngjering i pressa, **eventuelt på idrettslaget sin internettside**.
3. Framlegg som skal handsamast på årsmøtet må vere sendt til styret seinast 2 veker før årsmøtet. Medlemmene skal ha tilgjenge til fullstendig sakliste seinast 1 veke før årsmøtet.
4. Alle medlemmer i laget har adgang til årsmøtet. Årsmøtet kan invitere andre personar og/eller media til å vere til stades.
5. Årsmøtet er vedtaksført med det tal røysteføre medlemmer som møter. Ingen har meir enn ei røyst og røystegiving kan ikkje skje ved fullmakt.
6. På årsmøtet kan ikkje handsamast framlegg om lovendring som ikkje er ført opp på saklista seinast 1 veke før årsmøtet. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slikt vedtak kan gjerast berre i høve godkjenning av saklista.

7. Øvrige lover om årsmøte gjennomføres i samsvar med NIFs lov §§ 2-15, 2-16, 2-17, 2-19, 2-20.

§ 12 ÅRSMØTETS GANG

1. Godkjenne dei som har stemmerett.
 2. Velje dirigent(ar). Dirigent(ane) treng ikkje vere medlem av laget.
 3. Velje protokollfører(ar).
 4. Velje to medlemmer til å skrive under protokollen.
 5. Godkjenne forretningsordenen.
 6. Godkjenne innkallinga.
 7. Godkjenne saklista.
 8. Behandle årsmeldinga.
 9. Behandle
 - a. rekneskapen til idrettslaget
 - b. den økonomiske meldinga frå styret
 - c. eventuell melding frå kontrollutvalet
 - d. eventuell melding frå engasjert revisor
 10. Behandle andre saker som kjem fram av godkjend sakliste.
 11. Vedta budsjettet.
 12. Behandle organisasjonsplanen til idrettslaget
 13. Val:
 - a. Styre med leiar, nestleiar og 3-7 styremedlemmer.
 - b. Kontrollutval med leiar og 1 til 2 medlemmer.
 - c. Valkomité med leiar og 1 til 2 medlemmer.
 - d. Val av revisor.
 - e. Representantar til ting og møte i dei organisasjonsledda der idrettslaget har representasjonsrett, eller gi styret fullmakt til å utnemne representantane.
 - f. Eventuelt andre val i samsvar med organisasjonsplanen til idrettslaget.
- Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei andre medlemmene skal veljast samla.

§ 13 RØYSTEGIVING PÅ ÅRSMØTET

1. Med mindre noko anna er fastlagt skal eit vedtak for å vere gyldig vere gjort med vanleg fleirtal av dei leverte røystene.
2. Val føregår hemmeleg dersom det ligg føre meir enn eitt framlegg eller det vert fremja krav om det.
3. Viss det skal vere skriftleg val, kan berre kandidatar det er gjort framlegg om først opp på røystesetelen.
4. Røystesetlar som er blanke, eller som inneheld kandidatar det ikkje er gjort framlegg om, tel ikkje og røystene vert rekna som ikkje avgitt.
5. Når eit val vert halde enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei leverte røystene, skal det vere bunde omval mellom dei 2 kandidatane som har fått flest røyster.
6. Står kandidatane likt etter omvalet, vert valet avgjort ved loddtrekking.
7. Når fleire skal veljast ved ei røysting, må alle ha meir enn halvparten av dei leverte røystene for å vere valde. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentantar.
8. Om ikkje mange nok kandidatar får dette i fyrste omgang, er berre dei valde som har fått meir enn halvparten av røystene.
9. Det vert så bunde omval mellom dei kandidatane som står att, og etter denne røystinga er dei som har flest røyster valde.
10. Står nokon likt etter omvalet, vert dette avgjort ved loddtrekking.

§ 14 STYRET

1. Sogndal Idrettslag Fotball blir leidd og forplikta av styret, som representerer idrettslaget eksternt.
2. Styret er den høgaste styresmakta til idrettslaget mellom årsmøta, men visse avgjerder kan berre vedtakast av årsmøtet i samsvar med § 10 (3) og [NIFs lov § 2-22](#).
3. Forvaltninga av, og tilsynet med, alle delar av idrettslagsverksemda høyrer under styret. Styret skal sørgje for:
 - at formålet med idrettslaget blir oppfylt.
 - at idrettslagsverksemda og økonomistyringa er forsvarleg organisert. Herunder kan styret forplikte idrettslaget med kreditt/låneopptak, stille lagets eigedelar som sikkerheit for slik kreditt/låneopptak, **samt vurdere idrettslagets forsikringsbehov og tegne nødvendige forsikringer**
 - at avgjerder vert tekne i samsvar med regelverket og vedtaket til overordna. organisasjonsledd, lova til idrettslaget og årsmøtevedtaket.
 - at det blir registrert opplysningar i samsvar med § 3 (2).
 - at det blir utnemnt ein ansvarleg for politiattestordninga, dersom

idrettslaget organiserer idrett for mindreårige eller personar med utviklingshemming.

- at det blir utnemnt ein ansvarleg for barneidretten, dersom idrettslaget organiserer barneidrett.
4. Styret kan utnemne komitear/utval for handtering av kontinuerlege eller enkeltstående oppgåver, og utarbeide mandat/instruks for dei.
 5. Styret skal oppnemne representantar til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd dersom årsmøtet ikkje har valt representantar.
 6. Styret skal halde møte når leiaren bestemmer det, eller når minst to av styremedlemmene krev det.

§ 15 OMFRAMT ÅRSMØTE

1. Omframnt årsmøte vert halde når styret eller overordna idrettsorganisasjon gjer vedtak om dette, eller når minst ein tredel (1/3) av dei røysteføre medlemene krev det.
2. Møtet vert kalla inn på same måte som vanleg årsmøte med minst 14 dagars varsel.
3. Omframnt årsmøte kan berre handsame og ta avgjerd i dei sakene som er gjort kjent i innkallinga.

§ 16 (GRUPPER / AVDELINGAR)

1. Årsmøtet i idrettslaget kan vedta å opprette og leggje ned grupper, og korleis dei skal organiserast og leiast, eventuelt delegere dette til styret.
2. Dersom årsmøtet i idrettslaget ved behandlinga av organisasjonsplanen har vedteke å opprette grupper med gruppestyre, gjeld følgjande for idrettslag med omsetnad og medlemstal over terskel fastsett av Idrettsstyret:
 - a) Kvar gruppe skal ha eit gruppestyre på minst tre medlemmer. Gruppestyret blir valt på årsmøtet eller blir utnemnt av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - b) Gruppa bør ha minst eitt årleg møte der gruppa diskuterer økonomien i gruppa og aktiviteten i gruppa, foreslår kandidatar til gruppestyret og dessutan gir eventuelle innspel til saker som blir behandla av styret eller årsmøtet.
 - c) Gruppestyret konstituerer seg sjølv, med mindre noko anna er vedteke av årsmøtet eller av styret etter fullmakt frå årsmøtet.
 - d) Gruppestyret fastset ei eventuell årleg treningsavgift innanfor ramma av fullmakt som er gjeven av årsmøtet eller styret.
3. Gruppestyret eller representantar for grupper kan ikkje inngå avtalar eller på annan

måte forplikte idrettslaget utan fullmakt frå hovudstyret eller årsmøtet, og innanfor dei rammer som er fastsette av styret eller årsmøtet.

§ 17 LOVENDRING

1. Organisasjonsledd i NIF skal overhalda overordna organisasjonsledds regelverk og vedtak, og ha eit regelverk som er i samsvar med dette. Organisasjonsledda pliktar å bruke lovnorm fastsatt av Idrettsstyret.
2. Ved endringar i NIFs regelverk, pliktar styret i organisasjonsleddet å gjere eventuelle naudsynte endringar i eige regelverk. Endringar skal gjerast kjent i organisasjonen so snart dei er vedtekne av styret.
3. Endringar i eit organisasjonsledd si eiga lov kan berre føretakast på årsmøte/ting etter å ha vore oppført på saklista og krev 2/3 fleirtal av dei avgitte stemmene. Endringane trer i kraft straks, med mindre årsmøtet/tinget vedtek noko anna.
4. Viss årsmøte/ting vedtek lovendringar, sendast protokollen til følgjande:
 - Idrettsråd og idrettslag, til idrettskretsen.
5. Ved eventuell motstrid mellom eit organisasjonsledds regelverk og NIFs regelverk, går NIFs regelverk føre. Idrettsstyret, særforbund og idrettskretser kan, som overordna organisasjonsledd, pålegge naudsynt endring for å unngå motstrid med NIFs regelverk. For reglar om lovending ellers gjeld NIFs lov § 2-2.

§ 18 OPPLØYSING, UTMELDING M.M.

1. Idrettslaget kan vedta oppløysing
 - a. ved eit einstemmig vedtak om oppløysing på årsmøtet, eller
 - b. ved å vedta oppløysing med 2/3 fleirtal på to påfølgjande årsmøter, der det etterfølgjande årsmøtet må haldast minimum tre månader og maksimum 6 månader seinare.Ein føresetnad for eit gyldig vedtak om oppløysing er at idrettslaget skriftleg varslar idrettskrinsen og særforbundet seinast 14 dagar før årsmøtet til idrettslaget behandlar forslag om oppløysing.
2. Samanslåing med andre idrettslag blir ikkje rekna som oppløysing av idrettslaget. Vedtak om samanslåing eller utmelding frå særforbund, og naudsynte lovendingar i tilknytning til dette, må gjerast med 2/3 fleirtal av årsmøtet.
3. I fall oppløysing eller annan nedlegging av laget, skal laget sitt eige førast over til eit formål godkjent av Idrettskrinsstyret.

4. I fall oppløysing skal laget sitt arkiv sendast til Idrettskrinsen og Fylkesarkivet.
5. For reglar om utmelding og tap av medlemskap i NIF gjeld NIFs lov § 10-2.